

Notat

Frå: Knut Chr. Clausen

Til: Reidun Liljedahl Fimreite, OA

Høyringsuttale frå Flora vidaregåande skule Lokal forskrift om inntak

Høyringsframlegget til lokal inntaksforskrift er drøfta med rådgivarar og leiargruppa.

I framlegget til **§3 -Inntak til vg1** heiter det:

«Søkjarane må prioritere tre utdanningsprogram ved innsøking til vg1. Innanfor kvart utdanningsprogram kan det prioriterast inntil tre skular.

Inntaket vert gjennomført med grunnlag i karakterane frå grunnskulen, konkurransepoeng. Dersom søkjaren ikkje har nok konkurransepoeng til å kome inn på nokon av dei prioriterte skulane, vil søknaden bli vurdert i høve andre skular som tilbyr dei prioriterte utdanningsprogramma.»

I Høyringsbrevet til framlegget til sentrale forskrift som ligger til grunn for lokal forskrift heiter det

(http://www.udir.no/Upload/hoeringer/2013/inntak/Vedlegg_2_merknader_inntak_310113.pdf):

"Dersom søkeren ikke klarer å konkurrerer seg inn til noen av de tre valgte utdanningsprogram på de ønskede skolene, så kan fylkeskommunen videresøke søkeren om de har fastsatt dette i den lokale forskriften om inntak. Hvordan videresøk gjennomføres avgjøres av fylkeskommunen."

Kva tyder "vil søknaden bli vurdert"?

Vil ein konkurrere saman med andre som har søkt programområde på skular ein sjølv ikkje har søkt? Eller vil ein får tilbud på skular ein ikkje har søkt etter dei som har søkt programområdet på den aktuelle skulen er komen inn?

Vidare heiter det i framlegget:

Søkjarar som ikkje søker tre forskjellige utdanningsprogram kan bli plasserte på utdanningsprogram med ledig kapasitet.

Sentral forskrift seier at " Alle søkjarar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1 **må** føre opp tre alternative utdanningsprogram på Vg1 i prioritert rekkjefølgje."

Bør der vere slik inntakssystemet må sikre at ein har søkt tre forskjellige utdanningsprogram? Om det ikkje er slik og elevar kan søkje færre alternativ kan ein vurdere om ein i staden for "kan bli plassert" kan nytte "kan få tilbod om".

I framlegget til **§ 4 Inntak til vg2 og vg3** kan det oppstå same problemstillingar som ovanfor.

I framlegget til **§ 5 Inntak til vg1 musikk, dans og drama** heiter det: *«Inntil 50% av søkjarane kan få inntak på grunnlag av ferdigheitsprøve (inntaksprøve), i tillegg til poengsum (konkurransespoeng) på grunnlag av karakterar. Søkjarar som tek ferdigheitsprøve (inntaksprøve) får ut frå presentasjon/talent 3 til 10 tilleggspoeng. Tilleggspoenga kjem i tillegg til poengsum (konkurransespoeng). Dette gjeld berre for søkjarar som har vg1 musikk, dans og drama som sitt første ønske. Prøven vert halden i fordjupinga og på skulen som er første ønske. Fylkesrådmannen avgjer kva fordjupingar det skal gjennomførast ferdigheitsprøve (inntaksprøve) i.»*

I framlegget til **§ 6 Inntak på grunnlag av prestasjonar i idrett** heiter det at:

«Sogn og Fjordane fylkeskommune har ordningar for inntak på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter i idrett.»

Dei fleste som vert teken inn til desse områda går mot studiekompetanse og nyttar ikkje det som ei yrkesutdanning for utøvande musikarar, skodespelarar og dansarar. Er det trong for å ha høve til å nytte inntakskriterer knytt til inntaksprøve sjølv om sentral forskrift opnar for dette? Bør det vere slik at det i like stor grad bør vere høve til ferdigheitsprøve i begge programområda når sentral forskrift gjev heimel for det?

Vidare heiter det i §6.

«Søkjarar til desse ordningane må sende søknadsskjema med vedleggsskjema og dokumentasjon frå særkrins/klubb som stadfestar dei idrettslege prestasjonane. Sogn og Fjordane idrettskrins prioriterer mellom søkjarane.

Søkjarar som vert prioriterte får 3 tilleggspoeng. Desse kjem i tillegg til konkurransespoenga.»

I høyringsbevet til sentral forskrift

(http://www.udir.no/Upload/hoeringer/2013/inntak/Vedlegg_2_merknader_inntak_310113.pdf) er dette beskrive slik:

" Fylkeskommunen må også i den lokale forskriften fastsette om alle skoler som tilbyr for eksempel idrettsfag legger vekt på dokumentasjon eller ferdighetsprøver eller om det bare er noen. Fylkeskommunen må også fastsette hva det er som legges vekt og hvordan. Skal det være inntaksprøve og hvordan skal ramme for inntaksprøvene være, herunder antall tilleggspoeng som søkerne får basert på prestasjon. Dersom det legges vekt på dokumentasjon må det presiseres hvem dokumentasjon skrives ut av og hva dokumentasjonen skal inneholde. Det må også sies noe om hvordan dokumentasjonen vurderes."

Er det fylkeskommunen som skal prioritere mellom søkerne, som for inntaksprøve til Musikk, dans og drama, eller er det Sogn og Fjordane Idrettskrins som skal gjere prioriteringen?

I § 7 Inntak til særskilde yrkesfaglege utdanningsløp som leiar fram til yrkes- og studiekompetanse heiter det:

«Inntaket vert gjort på bakgrunn av karakterar (konkurranspoeng) og intervju i bedrift. Søkjarar må ha minst karakteren 4 i matematikk og naturfag. I tillegg må søkjarar ha avtale om læreplass i ei bedrift.»

Det må vere tydeleg om det er eit vilkår for inntak at eleven har ein avtale om læreplass ved inntak. Alternativt kan ein presisere at fylkeskommunen tek inn elevane basert på konkurransepoeng, og deretter nyttar intervju for å fordele elevane til ulike læreplassar.

I høyringsbrevet til sentral forskrift er dette beskrive slik: "Intervjuet er først og fremst for at fylkeskommunen skal sikre en forsvarlig saksbehandling av søkerne som har meldt sin interesse. Fylkeskommunen avgjør selv hvor stor vekt som legges på intervjuet og poengsummen, og om alle plassene de har til opplæringsløp med annen organisering som leder frem yrkes- og studiekompetanse fordeles etter intervju og poengsum eller bare noen."

Kan ein vurdere om ein skal presisere det slik i lokal forskrift:

«Inntaket vert gjort på bakgrunn av karakterar (konkurranspoeng). Opplæring i bedrift er del av opplæringsløpet. Intervju med fylkeskommunen og bedrifter vert nytta for å prioritere dei inntekne søkjarane mellom ulike læreplassar i bedrift. Opplæringsløpet kan ikkje fullførast før søkjarar har skrive avtale om læreplass i ei bedrift.»

Vidare er det felles for §6, og §7 er at delar av vilkåra for inntak kan vere avgjerder som kan verte treft av private som t.d. idrettskrins, idrettslag og lærebedrifter eller opplæringskontor. Det er viktig at desse prosessane er sikra forsvarleg handsaming. Vil det vere klageadgang på prioriteringar som eventuelt vert gjort av andre enn fylkeskommunen?

I § 10 Inntak av elevar med rett til spesialundervisning og som har sterkt nedsett fysisk eller psykisk funksjonsevne heiter det:

«Fylkesrådmannen avgjer etter søknad om det ligg føre tungtvegande grunnar for at søkjarar som oppfyller vilkåra i § 6-17 i forskrift til opplæringslova kan få inntak til ein bestemt skule, sølv om søkjarane ikkje har nok konkurransepoeng til å komme inn på skulen»

Her meiner skulen at ein må vurdere om ei kan finne rom til fleire lokale tilpassingar knytt til spesialundervisning og inntak.

Utifrå geografiske og personalmessige omsyn må ein vurdere om det vil vere mogleg å vidareføre tidlegare ordning med særinntaket (før 2014).

I Sogn og Fjordane i dag, og truleg i enno større grad framover, må ein vurdere om pendling og hybeltilvære i større grad bør vurderst til primært valt program på ein spesifikk skule for elevar med dokumentert rett til spesialundervisning.

I § 13 Inntak av deltidselevar til vg2/vg3 heiter det:

«Elevar som ikkje oppfyller vilkåra i §6-28 (skal ha bestått alle fag på lågare nivå for å vere kvalifisert til eit tilbod) eller §6-37 (heilskapleg vurdering av om søkjaren samla sett har faglege føresetnader for å følgje opplæringa på neste nivå), kan i særlege tilfelle likevel takast inn som deltidselevar.»

Innleiingsvis må ein vurdere om det skal inn eit punkt om inntak av fulltidselevar til VG2/VG3 etter individuell handsaming. Vurderingane og kravet til lokalforskrift vil truleg vere like dei som vil gjelde for deltidselevar.

I Høyringskrivet til sentral forskrift er dette m.a beskrive slik:
 "... Vilkåret for dette er at fylkeskommunen gjør en helhetlig vurdering av søkerens kompetanse og mener at inntak til neste trinn er forsvarlig...
 ... fylkeskommunen må vurdere om det er dokumentert at søkeren har den kompetansen i de eller de fagene som hun eller han ikke har bestått eller mangler etter læreplanverket som er nødvendig for å følge opplæringen på neste trinn... Her må det ses på hvorfor søkeren ikke har bestått faget og om hun eller han likevel antas å ha de faglige forutsetningene som er nødvendige for å følge opplæringen i faget med mulighet for å få karakteren 2 eller bedre til standpunkt.
 ... I vurderingen bør det også ses på om faget som søkeren ikke har bestått er et fellesfag hvor den ikke beståtte karakteren er en halvårsvurderingen eller om det er en standpunktkarakter i et programfag eller et fellesfag. Dersom det er en halvårsvurdering i et fellesfag, vil det skulle mindre til for at søkeren flyttes opp enn dersom det er en standpunktkarakter i et programfag eller fellesfag. ... Fylkeskommunen kan delegere til rektorene å foreta vurderingen av om det er forsvarlig å ta inn en elev til neste nivå. Dette må da være fastsatt i den lokale forskriften om inntak. Ved delegering er det fylkeskommunenes ansvar å sikre lik praksis."

Om ein vil følgje dagens praksis med inntil to IV eller 1 i fag og ei vurdering av rektor må dette følgjast opp med fastsette kriterier for rektor si vurdering som sikrar likehandsaming.

Om ein automatisk skal utelate dei med tre IV eller 1 i fag, må dette og forskriftsfestast. Ein må her vurdere om det er individuell handsaming om ein nyttar eit skilje ved tre fag.

Det vil vere fleire pedagogiske utfordringar knytt til elevar som etter omval ikkje følgjer alle timane på eit nivå, eller til elevar som er teken inn som delkurselev til neste nivå. Det er viktig at elevane har mest mogleg læringsstøttande aktivitet. Skulen ber om at ei vurderer å ta inn eit nytt punkt i lokalt reglement:

§ XX Tilbod om hospitering i fag som tidlegare er fullført og bestått for elevar som er teken inn som fulltidselevar etter omval.

For å betre tilhøyre i klassen/gruppa får elevar som tidlegare har fullført fag i det aktuell programområdet kan ein gis høve til å hospitere i dette faget i den grad det er plass i gruppa. Eleven kan nytte denne hospiteringa som grunnlag for å førebu eventuell privatisteksamen i det aktuelle faget. Dette vil vere eit tilbod til elevar som er tekne inn som fulltidselevar eller omval.

I **§ 14 Søknadsfristar** heiter det i framlegget:

«Søknadsfristen er 1. februar for søkjarar som søker om særskilt inntak og

spesialundervisning. For ordinære søkjarar er søknadsfristen 1.mars.

Søknader frå søkjarar utan rett vil ikkje verte handsama etter søknadsfristen.

Søknader frå søkjarar med ungdomsrett vil verte handsama individuelt, og søkjarane kan få tilbod der det vert ledige plassar etter siste inntak.

Inntak i samarbeid med oppfølgingstenesta kan skje uavhengig av fristane som er nemnde ovanfor.

Søknader etter søknadsfristen (søkjarar med rett) må grunngjevast skriftlig. Alle søkjarar får svar.»

I informasjonen på vilbli.no heiter det om Sogn og Fjordane Fylkeskommune at:

”Dersom det har oppstått ein spesiell situasjon, som til dømes flytting, sjukdom eller sterke sosiale grunnar, kan du sende ein skriftleg søknad om omprioritering av søknaden. Grunngjevinga for søknaden må dokumenterast, til dømes med legeattest eller fråsegn frå rådgjevar. Søknaden skal sendast skriftleg til Opplæringsavdelinga innan 1. mai.”

Dette høve til omprioritering bør tydeleggjerast i lokal forskrift.

På vigo.no kan ein sjå at fleire fylke opnar for endringar i ulikt omfang. Ein bør i størst mogleg grad vere fleksible på dette punktet då skuleval er ei svært stor avgjerd for elevar.

I framlegget står det «*Inntak i samarbeid med oppfølgingstenesta kan skje uavhengig av fristane som er nemnde ovanfor*». Her bør det presiserast for kva elevar dette gjeld, eller er det slik at alle elevar kan kontakte oppfølgingstenesta om dei vi prøve å gjere om søknaden sin.

I **§ 20 Formidling** heiter det m.a:

«Søkjarar med ungdomsrett som er kvalifiserte, men som ikkje har fått tilbod om læreplass innan 15. august, skal få tilbod om vg3 i skule innan 15. september»

Skulen ser at ein her sett ei annan grense for tidspunkt for tilbod om læreplass enn 1. september som er tidspunktet som er presisert i sentral forskrift. Det kan vere svært gunstig i høve arbeidet med å få på plass alternative løp. Elevane vi gå ut av desse opplegga etter kvart som dei får eventuell læreplass.